



MOTTATT

04 MAR 2014

Helse Vest

Postboks 303 Forus  
4066 STAVANGER

Vår ref: (oppgjør ved kontakt)  
2013/6504 - 6746/2014

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Vidar Roseth,  
tlf: 57839886

FØRDE,  
28.02.2014

## Uttale til utkast til retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest

Vi viser til høyringsbrev av 06.12.13 og utkast til retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest.

Helse Førde har følgjande vurderingar i høve utkastet:

Kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde har frå 01.01.13 eit felles brukarutval som blir opplevd å fungere godt og som ivaretek brukarrepresentasjon og brukarrelaterte spørsmål både i høve til kommunane og helseføretaket. Retningslinene for dette felles utvalet (jfr vedlegg) er fastsett av det overordna samarbeidsorganet koordineringsrådet etter ein grundig prosess.

Felles retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest bør ikkje vere til hinder for at det felles brukarutvalet i Sogn og Fjordane i hovudsak kan vidareførast med i hovudsak same retningslinjer og rolle som i dag.

Når det gjeld samansetning av utvalet, vil vi be om at dei felles reglane blir tilpassa slik at samansetjinga av utvalet i Sogn og Fjordane kan vidareførast. Dette med unntak av brukarrepresentant innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), som ein også kan legge til rette for i Sogn og Fjordane.

I høve til oppnemning av utvalet, må eit felles utval bli oppnemnt av partane i lag, og ikkje einsidig av styret i helseføretaket. Dette må og kome fram av dei felles retningslinene.

Vi ber om at dei felles retningslinene for brukarmedverknad, som er meint å vere «eit felles minstemål» blir endra for å gi rom for det ovannemnde. Utover det som er nemnt ovanfor, synest det som det ikkje i vesentleg grad er konflikt mellom utkastet til retningslinjer og opplegget for brukarmedverknad i Sogn og Fjordane.

Eit alternativ til det ovannemnde kan vere at retningslinene blir definert som rettleiande retningslinjer som kan fråvikast når det er særskilte grunnar til det.



Helse Førde HF  
Administrasjon  
Fag og utvikling

Besøksadresse:  
Naustdalvegen 5  
6800 FØRDE

Postadresse:  
Postboks 1000  
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

[post@helse-forde.no](mailto:post@helse-forde.no)

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

Org.nr: 983 974 732

Vi er kjende med at KS Sogn og Fjordane vil gi ein uttale til Helse Vest, sidan kommunane er ein part i høve til det felles brukarutvalet i Sogn og Fjordane. Denne uttalen vil bli oversendt Helse Vest den 04.03.14.

Med helsing

Vidar Roseth  
samhandlingssjef